

Saksnr:	2026/4095-14
Saksbehandlar	Thorbjørn Aarethun
Dato:	01.06.2026

Til: Vestlandsrådet

Frå: Fylkesdirektøren

Evaluering av Vestlandsrådet sin mobiliseringskonferanse for E39 Vestlandsvegen, 15.april 2026, og vidare arbeid med Nasjonal transportplan 2029-2040.

Kort fortalt om konferansen

Korleis sikre satsing på og vidare utbygging av E39 Vestlandsvegen i Nasjonal transportplan (NTP) 2029-2040?

Med denne utfordringa inviterte Vestlandsrådet til mobiliseringkonferanse for E39 Vestlandsvegen, 15.april 2026 i Bergen.

Oppsummering av konferansen (inkl fotoalbum) kan lesast på denne nyhendesaka publisert på Vestland fylkeskommune sine nettsider;

[E39: Vestlandet må stå samla, presentere løysingar og kjempe for heilskapen](#)

Samarbeid og administrativ arbeidsgruppe

Planlegginga og gjennomføringa av konferansen har føregått i ei administrativ prosjektgruppe med følgjande representantar;

- Iver Jan Leren, Vestlandsrådet prosjektleiar
- Thorbjørn Aarethun, Vestlandsrådet, sekretariatsleiar
- Matti Torgersen, Vestland fylkeskommune, seniorrådgjevar
- Heidi Nerland, Møre og Romsdal fylkeskommune,
- Tina Tednes Jacobsen, Rogaland fylkeskommune, seniorrådgjevar
- Tom Christer Nilsen, Bergen næringsråd, næringspolitisk sjef
- Heidi Nakken, Næringsforeninga i Ålesundsregionen
- Tormod Andreassen, Stavanger næringsforening, næringspolitisk leiar
- Øyvind Halleraker, Bergen2Stavanger, dagleg leiar

Kommunikasjonsarbeid

I tillegg til den administrative arbeidsgruppa har kommunikasjonsseksjonen i Vestland fylkeskommune v/ Helen Daae Frøyseth, hatt ansvaret for kommunikasjonsarbeidet i samband med konferansen.

Dette har i hovudsak omfatta utsending av pressemelding i forkant av konferansen, profilering og konferansemateriell, fotografering og utarbeiding/publisering av tidlegare omtalte nyhendesak.


Med grunnlag i medieovervåking viser oversikten under kva medier som har laga sak eller oppslag på konferansen:

Sak før konferansen	Sak etter konferansen
• Firda • Vikebladet • Midsundingen • Byggeindustrien • NRK Møre og Romsdal • Bladet Tysnes • Sunnhordland • Fjordabladet • Bømlo nytt • nett.no, • Fjordingen • Marsteinen • anlegg.no • Mørenytt • Firda tidend • Os og Fusaposten	• Nynorsk pressekontor (NPK) • Fjordingen • Romsdals Budstikke • Bømlo-Nytt • NRK • Stord24 • Bladet Tysnes • BT

Oppslag i Bergens Tidende og Romsdals Budstikke er vedlagt.

Nasjonal transportplan 2029-2040 - overordna framdriftsplan

Det vidare arbeidet med å synleggjere E39 Vestlandsvegen inn mot Nasjonal transportplan 2029-2040 må tilpassast framdrifta for regjeringa og Stortinget sitt NTP-arbeid. Den overordna prosessen med Nasjonal transportplan 2029-2040 kan settast opp på følgjande måte:



*Utgreiingsoppdrag til transportetatane frå SD og FD:

- Indikatorer for nytt mål om motstandsdyktighet
- Utfordringsbilde og mobilitetsbehov
- Meir for pengane

- Klima og miljø
- Motstandsdyktighet i transportsektoren
- Kartlegging av kompetansebehov i transportsektoren

Fullmakter til Vestlandsrådet AU og videreføring av administrativ arbeidsgruppe

På møte i Vestlandsrådet, 14.april 2026, vart det handsama sak om Nasjonal transportplan 2029-2040 - vidare arbeid med E39 Vestlandsvegen. Det vart gjort følgjande vedtak:

«Vestlandsrådet vil framover ha særleg fokus på å synleggjere og løfte fram E39 Vestlandsvegen i arbeidet med Nasjonal transportplan 2029-2040.

Vestlandsrådet gir AU fullmakt til å avklare og gjennomføre det praktisk politiske arbeidet for å sikre E39 Vestlandsvegen merksemd og prioritet i Nasjonal transportplan 2029-2040.

Vestlandsrådet ber fylkesdirektøren etablere ei brei administrativ samansett prosjektgruppe med interne ressurar og eksterne samarbeidspartar, for koordinering og planlegging av det praktisk politiske arbeidet for påvirking av sentrale beslutningstakarar i NTP- prosessen.

Vestlandsrådet set av inntil kr 500.000.- til dette arbeidet i budsjettet for 2026.»

Med utgangspunkt i den skisserte NTP-prosessen legg fylkesdirektøren opp til å presentere aktivitetar og tiltak for oppfølging av Nasjonal transportplan 2029-2040 på Vestlandsrådet AU sitt neste møte 15.oktober 2026.

Fylkesdirektøren vil og foreslå at den tidlegare omtalte administrative arbeidsgruppa for mobiliseringskonferansen, 15.april 2026, vert vidareført for å sikre koordinering og planlegging av påvirkningsarbeidet i NTP-prosessen.

Denne gruppa representerer eit nettverk og kompetanse både for strategisk planlegging av påverknadsarbeid, og til å gjennomføre ulike aktivitetar og tiltak for kommunikasjon og dialog. Gruppa representerer i tillegg eit breitt geografisk nedslagsfelt i landsdelen og eit viktig og konstruktivt samarbeid mellom privat og offentlig sektor.